Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 — Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Sande

Emne: — Bygdelag: Sandsøy

Oppskr. av: Gerhard Bringsvor — Gard: Sande Nordre

(adresse): Sandshamn — G.nr. 73 Br.nr. 20

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Juletre og Julehelm

SVAR

Sp 1) Ja Juletre vert brukt i alle heimar og til festar i Forsamlingshusa!

Sp 2) Det fyrste Juletre, var for 70 år sidan, i den gamle Skulestova. Det var den unge Lærar, og Klokkar. Per Riste og kona Synnøve, fødd Farstad, som fekk istand denne Juletrefesten. Eit par år etter, var det Juletrefest, i den store Fiskebrakka i Sandshamn, der Presten Konrad held fest talen. Disse festar var halde i 1883 og 1885!

Sp 3) Ja det var i Skulehusa, ikkje i Kyrkja der hadde Juletre frå fyrst av. Oftast var det ein eller anna foreining og lag, som arangsjerte festane. Her er frilyndt ungdomslag frå 1892. Losje frå 1894. Sanitetslag frå 1897, og mange andre misjonslag som fekk istand Juletrefestar

Sp 4.) Var det seint Juletre å få fatt i, gjekk ein i fjellet, og fann Rime til Juletre, som ein pynta med rosut papir, og anna som skjein litt, og so nokre heimstøypte ljos, bunde i greina med tråd. Det var ikkje bruk å pynte stova elles.

10275

Sp 5) Nei ein pyntar ikkje huse til Jul, korkje med grønt eller anna. Berre den vanlege nedvasking og stell til Julehøgtida!

Sp 6) Joletreet heime i stovone er oftast på ein meter storleik. I Forsamlingshuset rundt 3 meter!

Sp 7) So langt atende eg huksar var Juletreet pynta med rosepapir, og kort, og gurse anna som kvitkaupp.. Seinare kom det litt kuler og sylvtråd, og anna glitter!

Sp 8) I heimane var det helst borna som stelte med pyntinga. Men når det var fest i Skulestova, eller seinare, når det vart Samlingshus, var det oftast ungdom og eldre folk som pynta Joletreet! Borna fekk aldri tilgjenge før alt var ferdigt

Sp 9) I små hus og huslydar, stod gjerne Joletreet på, ein stol eller lite bord. Men då berre eit lite tre. Men i dei fleste stadar, stod treet fritt på golvet.

Sp 10) Ljosa vart oftast kveikt, når ein etter Vestlands skjikk åt staike, og når ein gjeng rundt treet, og syng. I Juledags kvelden like eins, for då, var det gamal skjikk, og halda seg heime. Nyårsafta og var treet oftast kveikt ei stund. Men i trettanafta var det slutt med treet. Då stod det oftast myrkt burte i kråa!

Sp 11) Ja born og vaksne, ofte heile huslyden gjeng rund treet, og syng dei wig unge Julesalmar. I Julelag, vert det ofte sunge lettare songar, som Jul med din glede, og. Så går vi rundt om en enebærbusk, og andre

10275

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad 

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Sande

Emne: Bygdelag: Sandsøy

Oppskr. av: Gerhard Bringsnes Gard: Sande Nordre

(adresse): Sandshamn G.nr. 73 Br.nr. 20

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Juletre og Julehalm

SVAR

Sp 12) Joletreet vart oftast ståande til 20 dag Jol, då er det oftast, so turt og visna, at nålene dett av.

Sp 13) Ja i mine barnedagar, då vi brukte apelsiner og eple i treet, fekk vi vera med å haustatreet. Seinare vart (vart) det kuler, sylvtråd og flag. Då segjer vi, å ta med treet, eller ta pyntet av treet.

Sp. 14. Har ikkje høyrt, anna enn, det skal vera sybol på Frelsaren som var fødd Julaftan, og borna var glade for å få gå rundt treet, og syngja Julesalmar og songar.

Sp 15. I min barndom var det ein gong, ei so stor snøríd, at vi ikkje eingong fann eine til Juletre. Vi tok då, ein my stor sopelime av Bjørke kvistar, og pynta, med alt vi fann av pynt, og vi hadde det riktig gildt rundt treet.

Sp 16) Nei, rundt bygdene her er det oftast nokre Tuntre, eller busker rundt husa som ein hengde Juleneget i!

Julehalm har ikkje vore brukt i våre bygder so langt som hverken foreldre eller besteforeldre veit!

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
10275